


BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
OKTOBER 2022**

**KOMMUNEHUSET:**

Tlf 51 20 11 00
Månd.-fredag kl 08.00-15.00
www.bjerkreim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20
biblioteket@bjerkreim.kommune.no
Måndag 15.00 - 19.00
Tysdag 14.00 - 18.00
Onsdag 14.00 - 18.00
Torsdag 12.00 - 15.30
Fredag 12.00 - 15.30

DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tysdag 18. oktober kl. 24.00. Bladet kjem ut seinast torsdag 27. oktober.

UTGJEVAR:

Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

TRYKK OG**GRAFISK FORMGIVING:**

Jærprint

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



ORDFØRAREN SITT HJØRNE



*Hei, gode
sambygdingar!*

Så var oktober rett om hjørna, og haustfargane er i ferd med å ta over Bjerkreimsnaturen. Det er ei flott tid vi går inn i nå. Det blir kaldare og kanskje nattefrost, men denne årstida har også sin sjarm.

Det er i desse dagar stor aktivitet blant småfeproduzentane i kommunen. Tusenvis av lam er på veg inn på slaktelinjene. Det «bræktar» i alle deler av kommunen, eg håpar alle blir fornøgd med årets tilvekst på lamma sine.

I skrivande stund gler vi oss alle til Bjerkreimsmarken, men når du les dette er nok Bjerkreimsmarken 2022 forbi. Eg tør likevel å spå eit fantastisk Marken også i år. Vi har godt med utstillarar, nytt på programmet - ja det ligg an til å bli «diga jilt» i år! Eg vil takka alle som stiller opp på dugnaden for Marken 2022.

Fleire og fleire begynner å klargjere lister og namn for kommunevalet 2023. Eg vil oppfordra deg som les dette til å engasjera deg i prosessen, enten med innspel til listene, eller med å stilla deg sjølv til disposisjon for val. I alle partilag i Bjerkreim er det fleire gode muligheter til å delta i utviklinga av Bjerkreim. Det er plass til alle! Eg vil spesielt oppfordra ungdom til å stilla. Vi treng dei unge også inn blant dei folkevalde.

Det er ein ny snakkis på huset og i bygda; serien til Arvid Mæland på Lauperak som rullar på NRK i desse tider. Eg vil sei at Bjerkreim kommune viser seg i si flottaste naturdrakt på rikskanalen i desse fem episodane.

Har du ikkje fått testa den nye Frisbeegolfbanen bak hallen på Vikeså ennå? Da bør du ta deg ein tur for å prøve. Den er open og klar for bruk!

Skjeraberget folkehelsehus har også fått nytt liv og nytt innhald. Det vil bli meir og meir aktivitet i bygget i tida framover. Ta deg en tur for å sjå dei nyoppussa lokala!

Kommunen har starta arbeidet med å sjå på sparetiltak på straum, både i drift men også knytt til framtidige investeringar. Det er ei tid der det er mykje å spara på å bytta til LED, finjustere ventilasjonsanlegg mm. Ikkje sikkert det er nødvendig med full belysning på nattetid på gangveggar f.eks. Dette vil kommunen ta en runde på nå. Det å produsere meir fornybar kraft på egne bygg er også eit berekraftig tiltak for framtida. Det blir spennande å sjå om vi kan gjere nokre løft saman her!

Haustferien nærmar seg, eg vil nytta anledninga til å ønska alle ein god «jordepleferie»

Vennleg helsing, Kjetil Stettebø

POLITISKE MØTE

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimeider:
www.bjerkreim.kommune.no

Kommunestyre:	Tysdag	04.10.	kl. 19.00
Fellesrådet:	Torsdag	20.10.	kl. 13.00
Gruppemøter:	Måndag	24.10.	kl. 19.00
Formannskap	Tysdag	25.10.	kl. 13.00
Ungdomsrådet	Tysdag	25.10.	kl. 17.00
Levekårsutval:	Onsdag	26.10.	kl. 19.00
LMT-utval:	Onsdag	26.10.	kl. 19.00

FORSIDE: Fin dag i Ørdsalen, foto Guri Vassbø.

TILKALLINGSVIKARAR

Røysekatten barnehage trenger flere tilkallingsvikarar. Er dette interessant, ta kontakt på tlf. 406 02 891.

LEGE I SPESIALISERING



Åshild Stangeland Åkre er tilsett som lege i spesialisering ved Bjerkreim legekontor fram til 28. februar 2023.

INFLUENSAVAKSINE

Det blir influensavaksinering 20. oktober og 3. november i Bjerkreimshallen, kl 12-17 begge dagane. Vaksinen kostar kr 200 (kr 150 for risikogrupper). Det vil vera mogleg å få oppfriskingsdose med koronavaksine samtidig som influensavaksine. Meir informasjon finn på nettsidene til Bjerkreim kommune.

SVØMMEKURS HØST 2022

Det blir arrangert svømmekurs mellom **21. oktober og 16. desember på fredager**. 8 kurskvelder.

Fredag 16.15 - 17.00.

Småbarn (fra 3 år. Barnet må ha følge i bassenget)

Fredag 17.00 – 17.45

Nybegynner (fra 5 år. Barnet må ha følge i bassenget)

Fredag 17.45 - 18.30

Videregående 1 (Må kunne flyte)

Fredag 18.30 - 19.15.

Videregående 2 (Må kunne svømme på dyp del av bassenget)

I år har vi ikke egne svømmekurs for voksne. Voksne som likevel ønsker svømmeopplæring kan delta på kurset «Videregående 2» og vil få tilbud om et tilpasset opplegg.

Elektronisk søknadsskjema og mer informasjon om de ulike kursene finner du på kommunen sin hjemmeside under Skjema/søknadssenter - Kultur og fritid. Det tas forbehold om endringer i forhold til antall påmeldte.

OFFENTLIG SVØMMING

Velkommen til svømmehallen på Vikeså skole hver lørdag mellom høstferien og påskeferien. Oppstart lørdag 22. oktober. Gratis adgang.

Åpningstider:

Kl. 10.00 - 10.45 Voksne over 18 år (Garderobe åpen fra 09.45).

Kl. 10.45 - 11.30: Voksne over 18 år.

Kl. 11.30 - 12.15: Åpent for alle (garderobe fra kl. 11.15)

Kl. 12.15 - 13.00: Åpent for alle

Kl. 13.00- 13.45: Åpent for alle

Lister blir lagt ut i gangen fra kl 09.45 for å reservere plass på de ulike gruppene. Bor du langt fra bassenget og har vansker med å komme innom på forhånd, kan du ringe 404 44 955 for å reservere tid. Maks antall i voksegruppene er 15. Maks antall i familieguppene er 25.

Husk badehette! Bleiebarn må bruke badebleie, dette kan man eventuelt få kjøpt fra badevaktene.

BLI BEDRE Å SVØMME, OG TRYGGERE I VANN

Det blir også i år gratis svømmetilbud i bassenget på Vikeså skule mandager etter høstferien. Grupper for 1.-3. trinn og 4.-7. trinn. Klokkeslett og nærmere praktisk informasjon vil bli formidlet direkte til skolene når tilbudet starter opp.

SØK OM FRITIDSSTØTTE

Bjerkreim kommune minner om at det fremdeles er mulig å søke om fritidsstøtte. Fritidsstøtte er en ordning for barnefamilier som trenger økonomisk støtte for at barna skal kunne delta på en aktivitet på fritiden. Pengene kan for eksempel brukes til å betale medlemskap, lisenser, utstyr, turer, cuper, turneringer, heiskort, reiser, leir eller lignende. Fritidsstøtten er et samarbeid mellom Bjerkreimsmarken og Bjerkreim kommune. Søknadsskjema på Bjerkreim kommunes nettside under: Skjema/søknadssenter > Kultur og fritid > Søknad om fritidsstøtte.

SPILLEMIDLER

Det er åpnet for å søke om spillemidler for 2023. For mer info om hvem som kan søke, og hvordan, se: www.anleggsregisteret.no. Har du spørsmål, kontakt kulturkontoret på tlf 988 80 147. Søknadsfrist 1. november hvert år.

TV AKSJONEN 2022

Søndag 23. oktober får du besøk av ein bøsseberar som samlar inn pengar til TV-aksjonen. I år går innsamla midlar til organisasjonen Leger uten grenser. Tittelen på aksjonen er «Sammen redder vi liv». Ta godt imot dei som kjem. Ha gjerne klar kontantar, men du kan også bruke VIPPS!

23. OKTOBER 2022



TV-AKSJONEN **NRK**

SKJERABERGET HAR ÅPNET



Endelig har Skjeraberget blitt tatt i bruk etter oppussingen! Gamle Skjeraberget barnehage har nå blitt til Skjeraberget folkehelsehus. Bygget skal fungere som en sosial møteplass for alle i Bjerkreim - både store og små, på både dagtid og kveldstid. I starten skal bygget brukes til undervisning av flyktninger, dagsenter for psykisk helse, dagsenter for eldre, ungdomsklubb og møteplass for internasjonal kvinnegruppe. Nå gleder vi oss til å innrede bygget med ting og FOLK! Vi planlegger en offisiell åpning i januar 2023 når bygget er helt ferdig.





FRIVILLIGHETENS DAG 2022

2022 er frivillighetens år, og i den anledning ønsker Bjerkreim kommune å markere frivillighetens dag for å gi noe tilbake til frivilligheten. I år slår vi derfor sammen Frivillighetens dag med Kulturdagen, søndag 27. november i Samfunnshuset. Rune Bjerga skal være konferansier og Elle Melle skal ha konsert. Det skal deles ut to frivillighetspriser på 10 000 kr, én pris til en frivillig organisasjon og én pris til en frivillig enkeltperson. For å nominere til frivillighetsprisene sendes navn på person/organisasjon og begrunnelse på e-post til Frivillighet- og folkehelsekoordinator: line.pettersen@bjerkreim.kommune.no



FRISBEEGOLFBANEN ER FERDIG

På initiativ fra ungdomsrådet har det blitt bygget en 9-hulls frisbeegolfbane i eikeskogen bak Bjerkreimshallen. Banen passer for både store og små. Ta med deg en frisbee og spill en runde eller to på den rykende ferske banen! Takk for at dere viser hensyn til beitedyrene og at dere tar med dere søppelet hjem fra banen. God vind!

VIKESÅ FRISBEEGOLFBANE

Regler for frisbeegolf

Offisiell regel for frisbeegolf er 8 hullers regel og 9 hullers regel. Dette er en 9-hulls banen.

Viktige regler:

1. Du har lov til å bruke alle typer frisbeer, men de må være runde og ikke ha skarpe kanter.
2. Du har lov til å bruke alle typer frisbeer, men de må være runde og ikke ha skarpe kanter.
3. Du har lov til å bruke alle typer frisbeer, men de må være runde og ikke ha skarpe kanter.
4. Du har lov til å bruke alle typer frisbeer, men de må være runde og ikke ha skarpe kanter.
5. Du har lov til å bruke alle typer frisbeer, men de må være runde og ikke ha skarpe kanter.
6. Du har lov til å bruke alle typer frisbeer, men de må være runde og ikke ha skarpe kanter.
7. Du har lov til å bruke alle typer frisbeer, men de må være runde og ikke ha skarpe kanter.
8. Du har lov til å bruke alle typer frisbeer, men de må være runde og ikke ha skarpe kanter.
9. Du har lov til å bruke alle typer frisbeer, men de må være runde og ikke ha skarpe kanter.

Symbol forklaring

- Utkaast felt - Tee-pad
- Drop Zone - DZ
- Kurv
- Mandatory - Mando
- Hull nummer
- Du står her
- Parkering

Grep og kasteteknikker

HULL	1	2	3	4	5	6	7	8	9	TOTAL
PAR	3	3	3	3	3	3	3	3	3	27
Lengde	61	79	75	65	46	40	84	72	92	614

BINGO

Bjerkreim Helselag skal ha bingo 12. oktober i Peisestova på Misjonshuset kl.14 til ca 1600.

Nasjonalforeningen for folkehelsen



DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar.
Kontakt Ingbjörg Vassbø. Tlf. 486 03 535

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Treff andre torsdag hver måned (sept.-juni).

Torsdag 13. oktober, kl. 18.00 - 20.00 blir det i Skjeraberget folkehelsehus. Det serveres kaffi, te og litt å spise. Noen tar med noe hvis de vil, men det viktigste er å treffes og snakke sammen. Velkommen alle kvinner!

PUBKORKVELD PÅ LAKSEBØRSEN

Tirla blandakor inviterer alle som er glad i å synge til pubkor-kveld på Laksebørsen 6. oktober kl 20.00.

Hva er pubkor? Vi møtes, drøser litt og kjøper gjerne noe å drikke i baren. Deretter gjør vi noen kjekke oppvarmingsøvelser for stemmen under ledelse av Borghild. Så får alle utdelt en sang (ny sang for alle) som vi bruker kvelden på å lære oss. Til slutt blir det urframføring på denne sangen rundt bordene!

Bli med på noe kjekt, sosialt og nytt!
Åpent for alle.

Arr: Tirla

MEDLEMSKVELD OG PREMATURSTRIKK

11. oktober kl 19.00 i Lionsrommet på Bjerkreim samfunnshus

Arr. Bjerkreim bygdekvinnelag

BJERKREIMS QUIZEN

Onsdag 19. oktober kl. 19.30 på Vikeså Veiservice. Quizmaster: Tom Fjermedal
Startkontingent: kr.30,- pr. person.
4-mannslag. Kom gjerne åleine, så får du plass på eit lag!

ÅRSMØTE BYGDEKVINNELAGET

26. oktober kl 19.00

Saker må meldes innen 10. oktober til styret.

KONSERT BLÅ TIME

Blå Time blir holdt i Bakkebø kulturkirke fredag 4. november, og i Bjerkreim kyrkje lørdag 5. november.

Aktører:

Borghild Hvidsten Gjødrem

Hildegunn Gjødrem

Valborg Bjerkreim

Tirla Blandakor

+ band bestående av lokale musikere.

Mer info kommer - se etter plakater!

BJERKREIM-LISTA

Ei tverrpolitisk bygdeliste er nå etabert som eit politisk parti og er under registrering i Brønnøysundregistrene. Målet er å stille liste ved kommunevalet i 2023.

To viktige saker for Bjerkreim-lista:

- Ny E39 må få ein ny trase. (R1 og R2 øydelegg mykje jordbruksjord og R1 øydelegg Vikeså)

- Vindmøller på Faurefjell er forkasteleg. Fleire andre gode saker for innbyggjarane kjem etter kvart som me arbeider med programmet. Styret vil nå arbeide for å få folk til å vera liste-kandidatar. Ta gjerne kontakt om du lurar på noko.

For styret Karl Gjødrem

kgjødrem5@gmail.com - tlf. 948 31 043

FRIVILLIGHETSÅRET 2022

Bjerkreim bygdekvinnelag feirer VÅR DAG den 16. oktober og inviterer på god middag på Bjerkreim samfunnshus.

Svinenakke med peppersaus, kjøttkaker med høstens grønnsaker.

Aktivitet for de yngste.

Kr 200.- for familien og kr 75.- pr enkelt porsjon.

Anbefaler bordbestilling tlf. 917 29 184

Varmt velkommen!

ÆTTESOGELAGET

Torsdag 6. oktober kl 19.00, på Kommunehuset på Vikeså.

Bilete og filmstubbar frå samlinga til Håkon Bjørland, som var rektor på Vikeså skule for nokre tiår sidan. Det vert og andre historieforteljingar frå bygda. Mat og kaffi. Alle velkomne!



BASAR ÅSEN

I haust vert basaren på Åsen onsdag 19. okt. kl 19.00. Arr. Komiteen

PENSJONISTLAGET VI OVER 60 - GILDT SAMVÆRE!

Torsdag 20. oktober kl. 14.00 - 17.00.
(Merk dato)

Stad: Litlesalen, Samfunnshuset.

Velkommen til nytt møte med:

- God mat og gildt drøs!
- Song og musikk!
- Rolf Moi kjem og fortel frå arbeida for hjelpeorganisasjonar!
- Biletrebusar og utlodding!

Alt dette og mykje meir for berre 50 kr.

Alle over 60 frå Bjerkreim og nabokommunar er velkomne. Takk til SR-bank for sponning av husleige. Minner og om møte 24.11. og julemiddag 10.12. Følg oss på nettsida: <https://bjerkreim.friskus.com/>

BJERKREIM BEDEHUS:

1. kl. 12.00 Basar NLM
1. kl. 19.30 BKU i kjellaren
3. kl. 19.00 Yngres
5. kl. 09.30 Minsten
7. kl. 12.00 Babysang
10. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget
11. kl. 09.30 Minsten
12. kl. 17.30 Global kvelds
- 14.-16. Weekend Tonstadli
17. kl. 19.00 Yngres
18. kl. 19.30 Logos, Bjerkreim
19. kl. 09.30 Minsten
21. kl. 12.00 Babysang
21. kl. 20.00 Fredagstreff
22. kl. 18.00 Lørdagskveld med kveldsmat
- Fam.møte Indre Sjøm.misj. ca. kl. 18.45
23. kl. 11.00 Endelig søndag NLM
23. kl. 11.20 Søndagsskule
24. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget
25. kl. 09.30 Minsten
26. kl. 17.30 Global kvelds
29. kl. 19.30 BKU i kjellaren
31. kl. 19.00 Yngres

VIKESÅ MISJONSHUS:

03. kl 19.00 Yngres og korvetten
04. kl 20.00 Bønnesamvær
05. kl 17.30 Global kafe
09. kl 11.00 Søndagssamling og søndagsskulen
11. kl 19.30 Bibeltime NLM. J.Trodal
12. kl 14.00 Bingo Helselaget
12. kl 19.30 Samtalemøte
17. kl 19.00 Yngres og Korvetten
19. kl 17.30 Global kafe
20. kl 19.00 Fest for frivillige
22. kl 15.00 Basar NLM
28. kl 20.00 Fredagsklubben
31. kl 19.00 Yngres og Korvetten



VELKOMMEN TIL GUDSTENESTER:

Sundag 2. oktober kl. 11.00

Sundagsskulens Dag og familie G3 i Bjerkreim kyrkje
Utdeling av 4-års bøker

Sundag 9. oktober

IKKJE gudsteneste i soknet

Sundag 16. oktober kl. 11.00

Høgmesse i Ivesdal kyrkje

Sundag 23. oktober kl. 11.00

Haustrakkefest i samarbeid med Bygdekjennene i Bjerkreim kyrkje

Sundag 30. oktober kl. 11.00.

Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje.
Tårnagentane deltek

DØYPTE:

21.08.22 Henrik Svela
28.08.22 Amalie Österlind Gravdal
11.09.22 Stian Egeland

VIGDE:

03.09.22 Elisabeth Bjerkreim og
Ole Bendik Karlsen

DØDE:

19.08.22 Bjørg Høyland
07.09.22 Per Bråдли
14.09.22 Stein Rino Arnøy

FESTEAVGIFT

Det har blitt sendt ut rekningar for festeavgift til dei gravene der denne går ut i 2022. Avgifta er for fem år framover og er på kr 750 (kr 150 pr år). Fint om festar tek kontakt med kyrkjevevja dersom ein ynskjer å avslutte ei grav eller har andre spørsmål.

UTDELING AV 4-ÅRS BOKA: FEST PÅ SLOTTET

Alle 4-åringar (født 2018) er velkomne til å få bok og feira Sundagsskulens dag og G3 familiegudsteneste 2. oktober i Bjerkreim kyrkje.

UTDELING AV 2-ÅRSBØKER!

Me vil ha ei samling for 2-åringane (født 2020) der me vil dele ut bok og leiklam, høyra bibelhistorie, syngja og eta boller og frukt. Det skjer laurdag 29. oktober kl. 10 - 11.30 i Bjerkreim kyrkje.

TÅRNAGENTSAMLING

Laurdag 29. oktober kl. 17.00. til kl. 20.00. og sundag 30. oktober kl. 10.00. til etter kirkekaffen i og rundt Bjerkreim kyrkje.
Hugs gode, varme klede. Alle barn født 2014 er velkomne til å utforske kyrkja, bibelen og kyrkjetårnet. Kom og løys oppdrag og mysterium. Kos dykk med agentmat.

NB: Vi sender ut invitasjonar til kyrkjas medlemmer i dei aktuelle målgruppa, men alle er velkomne til våre trosopplæringstiltak, uavhengig av medlemskap i kyrkja. Ynskjer du å koma med på mottakarlista, ta gjerne kontakt med oss!

FEST FOR FRIVILLIGE

Torsdag 20. oktober kl 19 vert det fest for frivillige. Festen er på Vikeså misjonshus. Alle som er frivillige i kyrkja, misjonshuset eller bedehuset er velkomne. Tor Øyvind

BLI I MEG

I sommar kom familien min og eg heim etter å ha budd 5 år i Florida i USA. Vi eig eit gammalt hus frå 1896 på Vigrestad, og eg hadde faktisk ikkje sett eigedommen dei 5 åra vi budde ute. Så når vi skulle komma dit for første gong på så lenge var vi ganske spente.

Huset var nokså likt som vi hugsa det, men i hagen hadde det skjedd ein heil del. Før vi drog registrerte eg to unge plommetre som den førre huseigaren hadde planta. Dei var kanskje 1,5 meter høge. Når vi no kom heim, hadde det eine plommetreet tatt heilt kvelden. Det andre derimot, hadde vakse seg stort, over 3 meter. Men det krangla om plassen med eit lønnetre, ei svær ripsbusk og ein prydehekk. Greinene strekte seg berre den eine vegen kor det var mogleg å få litt lys. Så vart eg veldig begeistra, for det var to nye skot litt lengre borte, så i hovudet mitt var det no to nye plommetre som kunne plantast.

Eg er ingen gartner, men eg prøvde å følgja ei oppskrift eg fann på internett



Skeiseid og Aril Schøld frå Ryfylke Livsgnist underheld om det å vere frivillig. Velkommen til ein artig kveld med mykje godt humør - og sjølvsagt servering. Påmelding til kyrkjekontoret, misjonshuset eller bedehuset seinast 5. oktober.

VIKARPREST: PER VEGGELAND



Det er ikkje tilsett ny prest etter Leif Wikøren Nilsen, men vi har fått vikarprest på plass. Per Kjartan Veggeland (vil bli kalla Per) er 40 år, er oppvaksen på Madla og bur no på Vigrestad saman med kone og fire barn. Han kjem til Bjerkreim etter fem år som prest i sjømannskyrkja i Miami. Vi ynskjer han hjarteleg velkomen!

for å flytta avleggarane. Eg grov godt rundt dei små kvistane, lét dei kvile litt og flytta dei dagen etterpå. Og det ligg vel i korta, det gjekk ikkje mange dagane før stiklingane var daude. Eg forstod at det å flytta eit tre nok krev meir kunnskap enn det eg hadde.

I Johannes 15,5 seier Jesus til læresveinane sine: «Eg er vintreet, de er greinene. Om de blir i meg og eg i dykk, då ber de mykje frukt, men skilde frå meg kan de ingen ting gjera.»

Eg har latt dei to daude stiklingane stå der eg planta dei, eg har nok eit lite håp om at dei ein gang kan blomstre igjen. Men kvar gang eg passerer dei tenkjer eg på Jesus som omtaler seg som vintreet som me ikkje må skiljas frå, dersom me vil bere frukt. For dei to stiklingane eg skilde frå treet er det kanskje for seint, men med Jesus er det heldigvis annleis. Han står med opne armar og inviterer alle som ynskjer å bli i han.

Per Veggeland

SØKNAD OM PRODUKSJONSTILSKOTT PR 01.10.22

Det er på ny tid for eit av haustens vakraste eventyr, nemleg søknaden om produksjonstilskott 2022. Dei fleste av dykk har levert del 1 av søknaden i første del av mars, og nå er det tid for å sende inn del 2.

Gå inn på heimesida til Bjerkreim kommune <https://www.bjerkreim.kommune.no> og vel arkfana Næring, landbruk og miljø, så landbruk, deretter søkje om tilskott og så vel du produksjonstilskott. Her finn du direkte link til søknadsskjemaet i altinn **Søknadsfristen er 15.10.22, og du kan endre opplysningar i søknaden fram til og med 29.10.2022 utan økonomiske konsekvensar.** Har du gløymt å levere søknaden innan fristen, kan den leverast fram til 29.10.22, med då med eit trekk på 1.000 kr/dag.

I tillegg kan du etterregistrere innan 10.01.23 avløysarutgifter mellom 01.10.22 og 31.12.22, samt dyr på utmarksbeite som er sankt etter 15.10.22. No kan du søkja om:

Tilskott for husdyr:

- Du skal søkja for alle husdyr, unnateke sauer født i fjor eller tidlegare. Sauene søkte du på i mars, både når det gjeld tilskott og grunnlag for avløysartilskott.
- Vær nøye og tell tal dyr du søkjar tilskott på. NB kyr/ammekyr som ikkje har kalva dei siste 15 mnd før teljedato skal først som øvrige storfe. Ein del fører feil her, og då er me nødt til å avkorte i tilskottet.
- Det er dei dyra du disponerer på teljedato den 01.10.2022 som skal først opp. Ikkje før opp ca. tal !!!
- Når det gjeld mjølkekyr og ammekyr, vil dyretallet du fører opp på husdyrtilskottet automatisk danne grunnlaget for henholdsvis driftstilskott mjølk og driftstilskott til spesialisert storfekjøttproduksjon.

Det same gjeld tilskott til små om mellomstore mjølkebruk.

Beitetilskott:

Her skil me mellom to typar beitetilskott:

- Ordinært beitetilskott der dyra må ha vore ute på beite i minimum 16 veker gjennom beitesesongen, og minst halvparten av grovforopptaket skal ha skjedd på beite. Vær nøye og sjekk om dyra dine har vore ute på beite så lenge som kravet tilseier. Det er summen av beite på inn- og utmarksbeite som må vera minst 16 veker. Beitetilskottet er på 60 kr/småfe(sau, lam, kje, geit) og 530 kr/storfe.
- Tilskott for beiting på utmarksbeite, der dyra i utgangspunktet må ha vore minst 5 veker til heis eller på avgjerda utmarks-beite. For dei av dykk som har dyr som går fram og tilbake mellom ut- og innmarks-beite, vil me framleis nytta reknearket for avbeiting som støtte for vår vurdering. Det må imidlertid finnast ein del utmark på eigedommen, slik at dyra reelt har beite for 5 veker, kanskje 10 daa utmark pr. vaksen sau og opp mot 25 daa utmark pr. storfe. Er du i tvil, fyll ut tabellen som ligg på heimesida vår, og send inn for vurdering, eller ta kontakt med oss. Fyll aldri inn alle dyr, og tru at me fikser resten. De må fylle inn rubrikken for sluppet på utmarksbeite (teller 70 % av tilskott) og sankt frå utmarks-beite (teller 30 % av tilskott). Tilskottet er 300 kr/småfe og 1 092 kr/storfe.



Arealtilskott.

- Her søker du automatisk både på areal- og kulturlandskapstilskott, ved å fylla inn dei areala ditt føretak har disponert i vekstsesongen 2022. Tala frå i fjor er preutfylt, men du må fylla inn dei tala du reelt har disponert i 2022. Husk at sum tal disponert areal, må stemma med det tal dekar du fordelar mellom vekstar.
- Oppmålt nydyrka areal og nye godkjente beite er for dei aller fleste lagt inn i gardskartet.
- Kva for konkrete areal som er registrert på din eigedom, kan du finna på NIBIO sitt gardskart. Link til dette kartet finst direkte i søknaden, eller linken på kommunen si nettside:

Tilskott til avløysing.

- Her fyller du inn netto avløysarutgifter, utan meirverdiavgift, som føretaket har hatt som kostnad fram til og med 15.10.2022. Dersom du ikkje har brukt noko avløysarutgifter så langt, men har tenkt å bruke noko i slutten av året, så fyll ut kr. 1 i rubrikken, slik at du faktisk har søkt. I avløysarutgiftene fyller du inn summen av eigne lønnsutgifter, tenester kjøpt av avløysarlaget eller avløysartenester kjøpt av andre føretak. Lurar du på noko så kontakt landbrukskontoret. Maks tilskott er 96.580 kr for 2022.

RMP

Husk også at **fristen for å søkja om tilskott til Regionalt miljøprogram er 15.10.22.**

Det er eit godt tips å søkja om RMP tilskott samtidig, som du søkjar om produksjonstilskott. For 2020 vart det utbetalt ca. 3 millionar til bøndene i Bjerkreim, og dei største ordningane er tilskott til bratt areal, turstiar, forminner, kystlynghei og miljøvennlig gjødsling. Info om dette finn de på heimesida til kommunen.

Lykke til 😊

INFORMASJON



kaffe bestiller du her:
HÅNDBRENT.NO
leveres på din dør i Bjerkreim



PITTERGARDEN VIKESÅ

☎ 415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk

Lokaler med særpreg:

Årsmålsdager, events, konserter.

Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn

Arkitekter MNAL, NIL. www.arkaarreberg.no. Tlf 481 81 804



INFORMASJON

Gitar og Handverk DA

*Vi leverer blomsterdekor på bestilling,
gitarreperasjoner og rekvisitasalg.*

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450
www.gitaroghandverk.no



ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVERANDLIGHT.NO
FOTOSTUDIO RAMMEVERKSTED

Han med hatten
FOTOGRAF KAI TORE VIK
POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955
DU ER HJERTELIG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95


Bjerkreim
legekantor
51 20 43 30
www.bjerkreimlegekantor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!



Extra Vikeså
Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00
Coop Byggmix / Landbruk
Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00
Coop Prix Bjerkreim
Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00





Eigersund
Dyreklinikk
Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL
KLINIKKEN
PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså
Spesialistkompetanse på tannsykdommer
hund og katt
Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering
Kirurgi
Digital røntgen
ID-merking
Vaksinering
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor
Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

ÅPENT TIL KL 22.00 HVER DAG



VIKESÅ
VEISERVICE AS

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekort m.m.

VELKOMMEN INNOM!